

VEDTEKTER for INFORMASJONSKONTOR for kristen folkehøgskole

§ 1 FØREMÅL

Informasjonskontor for kristen folkehøgskole (IKF) er eit tiltak for skolar innanfor den kristne folkehøgskolerørsla. (Jf § 1 i lovar for Noregs Kristelege Folkehøgskolelag (NKF)).

Føremålet er å drive informasjon om folkehøgskolen generelt, om den kristne folkehøgskolen spesielt og om dei einskilde tilknytte skolane. Kontoret skal også støtte skolane i deira informasjons- og rekrutteringsarbeid.

§ 2 TILKNYTING

Skolane er knytte til IKF etter vedtak i skolen sine styrande organ, og betaler kontingent, fastsett av årsmøtet.

§3 ORGANISERING

IKF har eit nært samarbeid med NKF, idémessig og organisatorisk. IKF og NKF har felles sekretariat.

§4 ARBEIDSOMRÅDE

Informasjonskontoret distribuerer felles informasjonsmateriell, og informasjon om dei einskilde skolane.

Informasjon vert gjort tilgjengeleg og distribuert gjennom dei kanalar og media som til ei kvar tid er mest aktuelle

IKF arbeider for å styrke interessa for den kristne folkehøgskolen i kristne organisasjonar og trussamfunn.

Informasjonskontoret gir skolane råd i informasjonsspørsmål

Ein stor del av informasjonsarbeidet vert gjort i samarbeid med Informasjonskontoret for folkehøgskolen (IF). Dette vert regulert av ei eiga samarbeidsavtale.

Val av arbeidsmåtar, og prioritering av dei, går fram av strategiplan og ein årleg informasjonsplan.

§5 ÅRSMØTE

Årsmøtet består av ein representant for kvar av dei tilslutta skolane, til vanleg rektor ved skolen. Det er til vanleg årsmøte ein gong i året, med full reiseutjamning mellom alle skolane.

Årsmøtet skal:

- godkjenne årsmelding og rekneskap
- fastsette kontingentsats
- vedta budsjett for IKF
- velje medlemmer og varamedlemmer til styret
- velje valkomité. Valkomiteen skal ha to medlemmer og eitt varamedlem
- vedta langsiktige strategiplanar
- vedta informasjonsplan for kvart år

Styreleiar skal representere IKF i Folkehøgskolerådet. Nestleiar er vararepresentant for styreleiar. I tillegg skal årsmøtet velja representantar med vararepresentantar for skolane som medlemmer i Folkehøgskolerådet slik det går fram av vedtektene til rådet.

Sakspapir til årsmøtet skal til vanleg vere tilsendt skolane minst ein måned føre møtet.

Saker som skolar vil ha behandla, må vere styret i hende minst to månader føre årsmøtet.

§6 STYRET

Styret skal ha fem medlemmer, eitt av desse skal vere styreleiaren i NKF. Styret skal ha to varamedlemmer.

Styreleiar vert vald ved særskilt val for to år om gongen.

Styret vel sjølv nestleiar for eitt år om gongen.

Styremedlemmene vert valde for to år om gongen, slik at ein vel eitt medlem det året det er val av leiar, og to medlemmer det neste året. Dersom eit styremedlem eller varamedlem vert vald til styreleiar, skal det haldast suppleringsval.

Det skal veljast to varamedlemmer kvart år, med funksjonstid eitt år. Nestleiar i NKF er varamedlem for styreleiar i NKF.

Styret for IKF tilset og har arbeidsgjevaransvaret for ei medarbeidarane i sekretariatet som har størstedelen av oppgåvene sine knytte til informasjonsarbeidet. Styret uttalar seg til styret i NKF ved tilsetjing av dagleg leiar i sekretariatet.

Styreleiar i IKF har møte- og talerett i styret for NKF.

§7 KONTINGENT

Årsmøtet gjer vedtak om storleik og berekningsmåte for den kontingenten skolane skal betale.

Skolar som har midlertidig stans i drifta betaler 25 % av vanleg kontingent.

Hvis skolar blir lagt ned, skal det betalast kontingent så lenge skolen mottek driftstilskott frå staten.

§8 UTMELDING

Dersom skolar vil melde seg ut av IKF, kan det berre skje pr. 1. januar. Utmeldinga må vere motteke av styret seinast 1. juli året før.

§9 OPPLØYSING

Informasjonskontor for kristen folkehøgskole kan oppløysast etter vedtak med minst 2/3 fleirtal på representantskapsmøtet. Eventuelt framlegg om oppløysing skal vere lagt fram i sakspapira, og vere utsendt til skolane innan dei fristar som er fastsette i vedtektene for dette.

§10 VEDTEKSENDRINGAR

Vedtektene kan endrast etter vedtak med 2/3 fleirtal på årsmøtet.

Framlegg til endringar må vere styret i hende seinast to månader føre årsmøtet, og må vere utsendt til skolane seinast ein måned føre møtet.

Sist endra ved vedtak på årsmøtet, 1. november 2013.